



07 FEB. 2014

Jnr. \_\_\_\_\_

Saksh. \_\_\_\_\_

Ark. \_\_\_\_\_

Ark.del \_\_\_\_\_

Saksid

## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 29. januar 2014

Stad: Meland kommunehus – formannskapsalen

Kl.: 08.30 – 11.00

Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Beate Eknes, Anne Marie Skurtveit - vara for Asbjørn Larsen og Helge Nygård – vara for Jarle Vikebø

Innkalla: Rådmann til sakene 04 og 05

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og revisor Ragnhild Høyland

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jarle Vikebø og Asbjørn Larsen

**01/14 Godkjenning av innkalling og saksliste****Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

**02/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte****Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 27.11.13 vart godkjent.

**03/14 Skriv og meldingar**

- Kommunestyresak 088/13 – Rapportering 2013 – vedlikehaldsplan for kommunale bygg
- Årsrapport 2013 Nordhordland kemnerkontor

**Samrøystes vedtak:**

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

**04/14 VA prosjektet Fløksand – Vikebø – rapport frå revisjonen**

Sakstilfang:

Rapport frå revisjonen 24.01.14 – Nummerert brev, nr 11 – «Gjennomgang av investeringsprosjekt VA prosjekt Fløksand – Vikebø»

Notat frå administrasjon 27.01.14 – kommentarar til rapporten

Bakgrunn for at kontrollutvalet bestilte denne rapporten var store overskridningar på prosjektet.

***Oppsummering av rapporten og revisjonen sine tilrådingar:***

*VA-prosjektet Fløksand-Vikebø er ei samankopling av vassverka Rossland og Fløksand. Prosjektet vart vedtatt av kommunestyret våren 2012 med ei økonomisk ramme på 12,45 millionar. I følgje sluttoppstillinga datert 04.10.13 utgjer totalkostnad frå entreprenør 17,58 mill. kr. Administrasjonen ventar ein sluttkostnad for prosjektet*

på 18,8<sup>1</sup> mill. kr., dette utgjer 224 % av kostnadsanalysen i tiltaksplanen og 151 % av vedtatt kostnadsramme. Det utgjer eit overforbruk på om lag 6,3 mill kr.

Prosjektet har eit vesentleg meirforbruk i høve til ramme- og budsjettvedtak. Meirforbruks er i stor grad eit resultat av endringar underveis i anleggsperioden. Behovet for endringar har oppstått som ein konsekvens av ei nedprioritering av prosjektering. Det har vore ei felles forståing mellom administrasjon og prosjekterande konsulent at ytingar til prosjektering skulle haldast på eit minimum, noko som inneber at det mellom anna ikkje vart utført grunnundersøkingar. Mange av dei endringane som vart naudsynte ville vore avdekkja ved ein meir omfattande prosjekteringsfase og kunne følgjeleg vore tatt inn i kostnadsoverslaget som ein del av grunnlaget for avgjerdar.

Den svake prosjekteringa har medført at ein ikkje hadde eit realistisk rammevedtak å halde seg til. Dersom ein hadde budsjettert med det som blir opplyst å vere normalt kostnadsnivå eller meterpris for eit slikt prosjekt, kunne sluttoppstillinga vist mindreforbruk.

Den svake prosjekteringa gir budsjettmessige og økonomiske konsekvensar, men har også verknader ut over dette. Ved å nedprioritere prosjekteringa har ein fått eit misvisande vedtaksgrunnlag. Dette er ein trugsel mot utføringa av dei folkevalde sine oppgåver samt demokratisk legitimitet. God oversikt over økonomien i prosjekt betrar kontrollmoglegheitene og samsvaret med prinsippa i kommunelov og budsjettforskrift. Kombinert med svak prosjektering har det ikkje vore tilstrekkeleg økonomisk oppfølging av prosjektet gjennom rapportering av prognosar med venta totalkostnad på bakgrunn av akkumulert verknad av endringsmeldingar og mengderegulering.

Dette har medført at overskridningane, beløpsmessig, i hovudsak er rapportert til politisk nivå etter at arbeidet er utført. At den økonomiske oppfølginga mot budsjett og rammevedtak ikkje har vore tilstrekkeleg inneber ikkje at den fortløpende økonomistyringa gjennom val og vurderingar underveis har vore dårleg.

Det er påvist manglar i høve regelverk for offentlege anskaffingar. Kommunen tapte sak for KOFA kring avvisning av tilbydar, utan at dette fekk konsekvensar då tilbydaren ikkje var vald. Kommunen kan ikkje framvise protokoll i samsvar med regelverket, og kan difor heller ikkje dokumentere at ein har gjort naudsynte og relevante vurderingar underveis i prosessen kring den vesentlege mengda endringsmeldingar.

Rådmannen har sett i verk tiltak mellom anna i form av etablering av nye rutinar og kompetanseuke. Ein del av desse tiltaka vart sett i verk i samband med organisasjonsendringa der «kommunalavdeling for natur, næring og teknikk»<sup>2</sup> overtok det fulle ansvaret for VA-området. Dette ansvaret hadde tidlegare vore delt mellom rådmannskontoret og NNK. Tiltaka har som føremål å redusere risikoen for tilsvarande situasjonar på komande prosjekt. Revisjonen har ikkje vurdert tiltaka ut over det som følgjer av denne gjennomgangen.

<sup>1</sup> Sluttkostnad kan bli lågare grunna ei omtvista fordring.

<sup>2</sup> NNK, no tenesteområde plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

**På bakgrunn av gjennomgangen av prosjektet vil revisjonen tilråde kommunen å**

- *Innarbeide nærmere retningslinjer for- og krav til realisme i prosjektering og kostnadsanalyser for investeringsprosjekt*
- *Sikre at ein har rutinar som fangar opp akkumulert verknad av kostnadsoverslag for endringar på komande prosjekt.*
- *Vurdere å avklare gjennom økonomireglement, eller liknande, kor tid eit avvik er av ein karakter som krev av rådmannen fremjar sak om tilleggsloyving.*
- *Innarbeide rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon dersom det skjer vesentlege endringar kring omfang eller andre forhold som har innverknad på prosjektet.*
- *Vurdere å gjennomgå og forbetre interne rutinar for offentlege anskaffingar, mellom anna ved å ta i bruk regeringa sin mal for protokoll for offentlege anskaffingar eller tilsvarande. Korrekt bruk av malen vil sikre oppfylling av lovpålagte krav til dokumentering.*

Revisjon hadde ein gjennomgang av rapporten i møte.

Det vart stilt spørsmål til revisjon og administrasjon i møte.

Rådmann peika på at det er gjort endringar i dagens organisering og krav til planlegging av prosjekt har blitt betre. Med dagens struktur og kompetanse så skulle ikkje tilsvarande overforbruk oppstå. Rapporteringa skal også no ha blitt betre slik at eventuelle overforbruk vil bli rapportert tidlegare. Slik at dei tilrådingane som revisjonen har foreslått vil langt på vei vere innført.

Det har vore ein del munnleg rapportering til formannskapet, rådmann ser at det gjer at det vert lite etterprøvbart. Rapporteringa vil difor vere meir skrifteleg og faktabasert.

Prosjekterande konsulent har opsjon på fleire prosjekt. Rådmann har stilt spørsmål ved om kontrakten kan seiast opp, dersom ikkje så må styringa bli vesentleg betre i kva ein skal få av tenester.

I høyringssvaret frå administrasjon står det følgjande:

*«Det vil bli fremja ei sak om investeringsprosjekt m.o.t. organisering, ansvar, prosjektstyring, kalkulering og budsjettering, slik Kommunestyret ba om i møte 20.06.2012 etter tilråding frå kontrollutvalet. Administrasjonen har avventa rapporten som no ligg føre.»*

Kontrollutvalet ser det som viktig at det vert følgt opp.

I møte 23.09.11 handsama kontrollutvalet ei tilsvarande sak, da gjaldt det byggjerekneskap for rådhuset. Det viste eit overforbruk på 7,4 mill kr. Kontrollutvalet gjorde da følgjande vedtak:

*«Kontrollutvalet ser det som naudsynt at eit prosjekt er godt utgreidd og kvalitetssikra både teknisk, økonomisk og framdriftsmessig før det vert lagt fram til vedtak i politiske organ.*

*Det kan sjå ut som dette prosjektet ikkje er godt nok utgreidd og at ansvarsstrukturen har vore uklar.*

*Kontrollutvalet forventar at kommunen vil sette i gong tiltak som sikrar at framtidige investeringsprosjekt får ei organisering og kvalitetssikring som bidrar til at ein held seg innafor vedtekne budsjetttrammer.»*

For kontrollutvalet synes det å vere nokon fellestrekke mellom desse prosjekta med omsyn til overforbruk og manglende prosjektering og planlegging.

Det er viktig at investeringsprosjekt som vert vedteke har eit realistisk budsjett slik at kommunestyret kan gjere reelle prioriteringar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet ser det som viktig at konklusjonane og tilrådingane i rapporten vert følgt opp. Dei løyvingane som vert gitt til investeringsprosjekt må sjåast på som absolutte. Er der behov for endringar må kommunestyret få det opp som sak så tideleg at dei har eit reelt val. Rapporten vert lagt fram for kommunestyret.

**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber om at rådmann følg opp tilrådingane.

**05/14 Administrative organisering i kommunen – orientering fra rådmann**

Rådmann hadde ein grundig gjennomgang av den administrative organiseringar i kommunen.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

**06/14 Årsmelding 2013 kontrollutvalet**

Sakstilfang: Utkast til årsmelding

Utkast til årsmelding vart gjennomgått i møte.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjente årsmeldinga slik den låg føre.

**07/14 Møteplan for kontrollutvalet - 2014**

Sakstilfang: Utkast møteplan kontrollutvalet – 2014

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2014.

**08/14 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

Beate Eknes – opplyste om at ho var tilsett i barnehagen som er omtalt i saka under. Kontrollutvalet gjorde difor vedtak om ho var inhabil, forvaltningslova § 6 2. ledd. Beate Eknes deltok ikkje i sakshandsaminga i den saka.

Formannskapet har vedteke følgjande i møte 18.12.13;

**FS-126/13 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Meland kommune stiller simpel kausjon for Læringsverkstedet Maurtua AS (sus) sin overtaking av restgjeld kr 6.116.000,- i Husbanken knytt til selskapet si overtaking av Maurtua Barnehage.

Garantiansvaret vert å trappe ned tilsvarande nedbetningsplanen for lånet, og gjeld i resterande løpetid på lånet som er 30 år gjeldande frå 2004."

I kommuneloven § 51 pkt 2 står det:

*«Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringssirkosomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv.»*

I saksutgreinga går det ikkje fram at det er vurdert om kommunen kan gi garanti i forhold til kommuneloven § 51.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet saknar ei vurdering i sak 126/13 om kommunen kan gi slik garanti i høve til kommunelova § 51.

**09/14 Eventuelt**

Neste møte i kontrollutvalet er 23. april kl 08.30.

Saker til neste møte:

- Rekneskap og årsmelding for 2013
- Samhandlingsreformen helse – orientering frå administrasjon

Frekhaug, 29. januar 2014

Marie Morken/leiar

Bent Gunnar Næss/sekretær